



# Volda kommune

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fellesnemnda for nye Volda  
**Møtestad:** Kommunehuset Smia  
**Dato:** 05.09.2019  
**Tid:** Kl. 14:00-16:45

---

<b>Medlemmar som møtte</b>	<b>Representerer</b>	<b>Funksjon</b>
Bente Tryggestad	SP	medlem
Randi Langlo	AP	medlem
Jørgen Amdam	AP	nestleiar
Stig Olav Lødemel	H	leiar
Margrete Bjerkvik	KrF	medlem
Eldar Englund	SP	medlem
Odd A. Folkestad	UAV	medlem
Brynhild Lund Notøy	V	medlem

<b>Forfall</b>	<b>Representerer</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Representerer</b>
Sølvi Dimmen	SP	Gunnar Strøm	SV
Odd Harald Sundal	UAV	Hild Våge	Ap

### **Andre som møtte**

Rune Sjurgard – prosjektleiar nye Volda  
Roy Inge Heltne - brannsjef  
Lars Fjærvold – avdelingsleiar vatn og avløp  
Inger-Johanne Johnsen – sektorsjef kultur og service  
Joakim Rødven - kommunikasjonsrådgjevar  
Sonja Håvik - møtesekretær

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
44/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/11190
45/19	Godkjenning av protokoll	19/11190
46/19	Orienteringar	19/11190
46/19	Presentasjon av ordførarkjede	19/11190
47/19	Velferdsteknologi - orientering ved prosjektleiar	19/11190
48/19	Promovideo for nye Volda	19/11190
49/19	Notat om miljø og klima - Nye Volda kommune	19/14134
50/19	Kulturbygging - markering i samband med samanslåinga	19/11190
51/19	Organisering av traumesystemet i Helse Møre og Romsdal HF	19/10805
52/19	Orientering om vedtak gjort av Ålesund bystyre 29.08.2019	19/10805
47/19	Forskrift for vatn og avløpsgebyr i Volda kommune	19/10282
48/19	Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg	19/10341
49/19	Økonomirapportering prosjektmidlar Nye Volda august 2109	19/10649
50/19	Marginprosent skatt for nye Volda kommune	19/10648
51/19	Datautstyr til politikarane til bruk før og under politiske møte	19/14189
52/19	Verksemdsoverdraging av Hornindal Frivillegsentral	19/14210
53/19	Kulturbygging - markering i samband med samanslåinga	

Volda, 13.09.2019

Stig Olav Lødemel  
Leiar fellesnemnda

## **44/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste, med endring frå leieren av fellenemnda, vart godkjent utan merknad.

### **Behandling:**

### **Innkalling**

Ettersende orienteringssaker 04.09.2019:

Vedlegg til OS 50/19 – Prosjektnotat Temakomite for kulturbygging i nye Volda  
OS 51/19 Organisering av traumesystemet i Helse Møre og Romsdal HF  
OS 52/19 Orientering om vedtak gjort av Ålesund bystyre 29.08.2019

### **Sakliste**

Leiar for fellesnemnda kom med framlegg om at orienteringssak OS 46/19 og OS 48/19 vert handsam først i møtet.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om OS 52/19 bør endrast til ei politisk sak.

### **Spørsmål frå fellesnemnda**

Brynhild Notøy reiste spørsmål om oppretting av grendautval for Hornindal og Viddal/Bjørke. Jørgen Amdam informerte om at ein har starta arbeidet med saka, og at ein truleg vil ta utgangspunkt i skulekrinsane når ein skal organisere grendautvala.

Randi Langlo reiste spørsmål om det faglege innhaldet i Hornindal skule vil endre seg etter kommunesamanslåinga, når Hornindal skule vert ein del av Voldaskulen?

Eldar Englund reiste spørsmål om kommunen har starta ein prosess med Volda og Ørsta reinhaldsverk (VØR) i høve renovasjonsordninga i Hornindal, og om det vert framhald i tilbodet som Hornindal har idag, som er levert av NOMIL. Prosjektleiar for nye Volda Rune Sjugard foreslo at leiar for Volda og Ørsta reinhaldsverk vert invitert til fellesnemnda for å gi ei orientering om saka i neste møte.

## **45/19 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak:**

Møteprotokollen frå møte 18.06.2019 vart godkjend utan merknad.

## **46/19 Orienteringar**

### **Vedtak:**

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

## **46/19 Presentasjon av ordførarkjede**

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven presenterte det nye ordførarkjedet for fellesnemnda.

## **47/19 Velferdsteknologi - orientering ved prosjektleiar**

Prosjektleiar Kari Anne Orvik orienterte om prosjektet og planar for vidare gjennomføring av arbeidet med velferdsteknologi.

## **48/19 Promovideo for nye Volda**

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven orienterte. Promovideo for nye Volda vil vere ferdig ved årsslutt.

## **49/19 Notat om miljø og klima - Nye Volda kommune**

## **50/19 Kulturbygging - markering i samband med samanslåinga**

Saka vart handsama som politisk sak PS 53/19.

## **51/19 Organisering av traumesystemet i Helse Møre og Romsdal HF**

Jørgen Amdam orienterte.

## **52/19 Orientering om vedtak gjort av Ålesund bystyre 29.08.2019**

Fellesnemnda drøfta saka og var samde om at prosjektleiar og leiar for fellesnemnda får fullmakt til å utarbeide eit brev til Helse Møre og Romsdal HF, i samråd med andre kommunar på Sunnmøre. Fellesnemnda støttar skrivet frå Ålesund byråd og påpeikar at traumefunksjonen er viktig for Volda.

## **47/19 Forskrift for vatn og avløpsgebyr i Volda kommune**

### **Vedtak:**

- 1. Fellesnemnda godkjenner og vedtar den nye forskrifta for vatn og avløpsgebyr.***
- 2. Fellesnemnda vedtar å nytte standard abonnementsvilkår og administrative bestemmelsar.***

### **3. Fellesnemnda vedtar å nytte den nye VA norma.**

#### **Behandling:**

Leiar for avdeling for vatn og avløp Lars Fjærvold orienterte.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Rådmannen si tilråding:**

1. Fellesnemnda godkjenner og vedtar den nye forskrifta for vatn og avløpsgebyr.
2. Fellesnemnda vedtar å nytte standard abonnementsvilkår og administrative bestemmelsar.
3. Fellesnemnda vedtar å nytte den nye VA norma.

### **48/19 Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg**

#### **Vedtak:**

***Fellesnemnda for nye Volda vedtek lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og fastsett gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg.***

#### **Behandling:**

Brannsjef Roy Inge Heltne orienterte.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Fellesnemnda for nye Volda vedtek lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og fastsett gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg.

### **49/19 Økonomirapportering prosjektmidler Nye Volda august 2109**

#### **Vedtak:**

***Økonomirapport august på prosjektmidler Nye Volda vert teke til vitande***

#### **Behandling:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Rådmannen si tilråding:**

Økonomirapport august på prosjektmidler Nye Volda vert teke til vitande

**50/19 Marginprosent skatt for nye Volda kommune**

**Vedtak:**

***Marginavsetting av skatt for nye Volda kommune skal frå 01.01.2020 fastsettast til 10 %***

**Behandling:**

Røysting:

Tilrådinga frå adminstrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Rådmannen si tilråding:**

Marginavsetting av skatt for nye Volda kommune skal frå 01.01.2020 fastsettast til 10 %

**51/19 Datautstyr til politikarane til bruk før og under politiske møte**

**Vedtak:**

**Rådmannen si tilråding:**

- 1. Politiske representantar får kompensasjon for bruk av eige datautstyr i samband med førebuing og deltaking i politiske møte.***
- 2. Medlemene og varamedlemene i kommunestyret, formannskapet, tenesteutval for oppvekst og kultur, tenesteutval for helse og omsorg og forvaltningsstyret får kr. 1600 kompensasjon ved eit minimum oppmøte på 5 møter årleg.***
- 3. Medlemene og varamedlemene i eldrerådet, kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet får kr. 1600 i kompensasjon ved eit minimum oppmøte på 4 møter årleg.***
- 4. Dei folkevalte vil sjølve ha ansvaret for vedlikehald av eige datautstyr.***
- 5. Kostnad ved ordning ca 120.000 kr pr år, vert å innarbeide i komande budsjett.***
- 6. Dersom ein politikar ikkje ønsker å delta i denne ordninga, så vil det vere mogleg å nytte nettbrett i ei utlånsordning.***

**Behandling:**

Sektorsjef for kultur og service orienterte.

Leiar for fellesnemnda kom med framlegg om nytt punkt 6:

*6. Dersom ein politikar ikkje ønsker å delta i denne ordninga, så vil det vere mogleg å nytte nettbrett i ei utlånsordning.*

**Rådmannen si tilråding:**

1. Politiske representantar får kompensasjon for bruk av eige datautstyr i samband med førebuing og deltaking i politiske møte.
2. Medlemene og varamedlemene i kommunestyret, formannskapet, tenesteutval for oppvekst og kultur, tenesteutval for helse og omsorg og forvaltningsstyret får kr. 1600 kompensasjon ved eit minimum oppmøte på 5 møter årleg.
3. Medlemene og varamedlemene i eldrerådet, kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet får kr. 1600 i kompensasjon ved eit minimum oppmøte på 4 møter årleg.
4. Dei folkevalte vil sjølve ha ansvaret for vedlikehald av eige datautstyr.
5. Kostnad ved ordning ca 120.000 kr pr år, vert å innarbeide i komande budsjett.

**52/19 Verksemdsoverdraging av Hornindal Frivillegsentral**

**Vedtak:**

- 1. Volda kommune overtek drifta av Hornindal frivilligsentral frå 01. januar 2020. Rådmannen får i oppgåve å førebu verksemdsoverdraging etter Aml § 16.**
- 2. Frivillige skal sikrast medråderett over frivilligsentralen etter 2020. Organisasjonsmodell skal utarbeidast i samarbeid mellom partane.**
- 3. Verksemdsoverdraginga skal godkjennast av årsmøtet i Hornindal frivillegsentral.**

**Behandling:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå adminstrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Rådmannen si tilråding:**

1. Volda kommune overtek drifta av Hornindal frivilligsentral frå 01. januar 2020. Rådmannen får i oppgåve å førebu verksemdsoverdraging etter Aml § 16.
2. Frivillige skal sikrast medråderett over frivilligsentralen etter 2020. Organisasjonsmodell skal utarbeidast i samarbeid mellom partane.
3. Verksemdsoverdraginga skal godkjennast av årsmøtet i Hornindal frivillegsentral.

## 53/19 Kulturbygging - markering i samband med samanslåinga

### Vedtak:

***Fellesnemnda tek orienteringa frå temakomiteen for kulturbygging til orientering.***

***Fellesnemnda ber komiteen planlegge ei markering av kommunesamanslåinga innanfor ei nøktern ramme rett etter nyttår. Opplegg vert å drøfte med leiar av fellesnemnda og prosjektleiar.***

### Behandling:

Fellesnemnda kom med slikt fellesframlegg:

*Fellesnemnda tek orienteringa frå temakomiteen for kulturbygging til orientering. Fellesnemnda ber komiteen planlegge ei markering av kommunesamanslåinga innanfor ei nøktern ramme rett etter nyttår. Opplegg vert å drøfte med leiar av fellesnemnda og prosjektleiar.*

### Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.